




## **KRAV OG PRAKTISKE OPPLYSNINGAR TIL BYGGHERRE/TILTAKSHAVAR**

I samband med byggjeverksemd, el. framføring/installasjon og graving, er det fleire forhold du som byggherre/tiltakshavar må vera merksam på. Ta kontakt om det er noko du lurar på. Det er betre å få avklara ting på førehand, enn å måtte ta oppatt/endre ting når det heile er rekna som fullført.

### **TILKNYTNINGSSKÅP / STIKKLEDNING**

Normene NEK 400:2014 og NEK399-1 krev utvendig tilknytningssskåp for tilkobling av stikkledning. Stikkledningsskåpet må leggjast og nedgravast i samsvar med krava i REN-blad 4100 - som vist nedanfor. Blir kabelen skadd på den strekninga byggherren har hatt ansvaret for grøft og forlegging, må byggherren koste reparasjonen. Det gjeld og skadar som oppstår dei 5 første åra etter anleggsperioden og som har si årsak i uforsiktig handsaming og/eller forlegging av kabelen frå byggherre/ utførande entreprenør si side.



### **FORLEGGINGSMÅTE**

Kabelen må leggjast i plastrør frå tilknytningssskåp og fram til avslutta steinfylling eller tomtegrense. Røret avsluttast 50 cm frå tilknytningssskåp eller bygningsvegg. Min. rør med  $\varnothing$  110 mm - utan krappe bøygar. Røret må ha trekkesnor og vere av type homogen (glatt) eller konstruert yttervegg (DV) og vere produsert etter norsk eller internasjonal standard og minimum etter SN 8.

Overdekkinga på kablane skal min. være 0,4m og maks. vere 1,0m. Grøftebotnen skal være avretta og fri for skarpe kantar samt at han skal vere fri for is/snø.

### **KABEL I RØR**

I gjenfyllingssone og ledningssone skal ein fortrinnsvis nytte stadleg masse. Steinar eller andre gjenstandar som kan skade kabelen/røret skal fjernast. Pukk 0-10mm kan nyttast. Plastnett skal nyttast for kabelmarkering.

### **DIREKTELAGT KABEL**

Der kabelen ikkje ligg i rør skal det opparbeidast eit min. 10cm djupt fundament under kabel og min. 15cm ledningssone over kabel. I fundament og ledningssone skal det brukast masse med handelsbetegnelse 0-4 mm. Kabelbeskyttelse i form av kabeldekkplater skal nyttast i veggrunn og tettbygd strøk. Der ein ikkje nyttar kabeldekkplater skal plastnett nyttast for kabelmarkering.

Geotekstil (fiberduk) skal brukast når det er fare for massetransport ut av eller inn i ledningssona.

### **DOKUMENTASJON**

Alle kablar skal tegnast inn på kartskisse med målsetting og snitt om der er rør og fleire kablar. Krav til innmålingsnøyaktigheit: grunnriss 20cm og høgde 30cm. Tegn og skriv slik at andre kan lesa og forstå teikning og tekst. Kartskissa skal leverast RK Nett så snart som råd etter at arbeidet er ferdigstilt.



## FIBER

På nemnte stikkledningskabel er det påvulka eit rør for framføring/innblåsing av fiberkabel - for ev. breibandstilknytning. Røret må splittast frå kabelen og førast inn i tilknytningsskåpet. Ev. separat rør for fiber eller anna ekom. førast også inn i tilknytningsskåp. Det må etablerast røranlegg frå tilknytningsskåp og inn i bygg til der sentral for breiband er tenkt sett opp.

## EL.INSTALLASJON/JORDINGSANLEGG

Før arbeidet med grunnmuren startar må elektroinstallatør kontaktast - for planlegging og etablering av hovudjordingsystem/fundamentjord, montering/tilknytning til ev. jordings-muffe på avløpsrøret og ev. tilknytning til armeringsjern/-nett. Den elektriske installasjonen må førehandsmeldast før anlegget påbegynnast og utførast av godkjent elektro-installatør. Når anlegget er ferdig sender installatøren ferdigmelding og det kan då gjerast avtale om tilkopling og målarmontering.

## ANLEGGSTILSKOT

Grunneigaren/tomteseljar skal ha opplyst kjøpar om storleiken på anleggstilskotet for framføring/ tilkopling av straum. Viss ikkje - ta kontakt med oss. Om anleggstilskotet ikkje er innbetalt ved tilkopling av anlegget, er tilkoplinga å sjå på som mellombels.

## BYGGJESTRAUM

**RK** har byggjestraumskap til utleige. Byggjestraumskap bør bestillast minst 2-3 dagar før ein treng det. Skapet blir oppsett på næraste stolpe (v/luftstrekk), ved næraste kabelskap eller ved enden av stikk-ledningen. Om der ikkje er nokon stolpe, vegg eller liknande å montere skapet på, må leigetakar på førehand syte for at det blir oppsett eit solid stativ med høgde ca. 2 m. Leigetakar er ansvarleg for skapet i leigeperioden, at skapet til ei kvar tid er forskriftsmessig plassert/låst og at kabelen er verna mot mekanisk skade. Skåp som **RK** finn liggjande på bakken blir fjerna utan varsel. Det blir kravd flyttegebyr ved ev. ny montering.

## GRAVING - MASKINENTREPRENØRAR - AVSTANDAR

Før graving startar må du få avklart om det ligg kablar e.l. i bakken frå før. Ved arbeid nær ved luftlinjer må det utvisast stor varsemnd. Dersom gravemaskin, kran e.l. skal brukast nærare enn 30 m frå høgspenningslinjer, må vi kontaktast før arbeidet blir starta. Ta og kontakt om det er aktuelt med felling av tre nær våre luftlinjer - vi hjelper i så fall til. Det er ikkje lov å nytte område under/nær ved høgspenningslinjer til lagringsplass. Det bør heller ikkje lagrast ting under lågspenningslinjer - bl.a. fordi avstanden til leidningane då kan bli for liten. Maskinentreprenørar som har arbeidd innan vårt forsyningsområde har fått utlevert og er gjort kjent med **RK** sine krav for utføring av kabelanlegg. Ev. nye entreprenørar i området må ta kontakt med oss. Når det gjeld minsteavstandar frå bygningar til **RK** sine anlegg/installasjonar - viser ein til skissa nedanfor.

